

Resolusjoner 2026

Innhold

Innstilling fra Resolusjonkomiteen	3
Endringsforslag.....	3
1. By- og tettstedspolitik	4
2. Senterpartiet vil endre skattepolitikken i heile Norge – for folk og næring	5
3. Ungdom skal ikkje berre høyrast, dei skal takast på alvor	6
4. Senterpartiet må lyfte eigen klimapolitikk	7
5. Alternative opplæringsmodeller	8
6. Sjå heile mennesket – delvis arbeidsevne er òg arbeidsevne	9
7. Ny giv for sirkulær bioøkonomi sett i lys av norsk sikkerhetspolitikk	10
8. Stølsdrift må bli ein prioritert del av jordbruksoppgjeret	12
9. Endring av nasjonalt bestandsmål for jerv og gaupe	13
10. Etablering av Nasjonalt senter for husmannsvesenet ved Lands Museum	14
11. Fastlegeordninga – kommunen sitt ansvar for eigne innbyggjarar	15
12. Jernbaneutbygging til Lillehammer og Gudbrandsdalen	16
13. By- og tettsteds politikk (original)	17
14. Senterpartiet må ta klimapolitikken på alvor (original)	18
15. Videregående skole – Demografi – «Landmodellen»	19
16. Eit NAV for heile landet – sosialfagleg styrke, rettferdige ordningar og fleire i arbeid..	20
17. Ny giv for sirkulær bioøkonomi sett i lys av norsk sikkerhetspolitikk (original).....	22

Innstilling fra Resolusjonskomiteen

Innstilling fra resolusjonskomiteen i prioritert rekkefølge.

Prioritet:	Tittel:	Innsendt av:	Innstilling:
1	1. By- og tettstedspolitik	Resolusjonskomiteen	Innstilt behandlet
2	2. Senterpartiet vil endre skattepolitikken i heile Norge – for folk og næring	Resolusjonskomiteen	Innstilt behandlet
3	3. Ungdom skal ikkje berre høyrast, dei skal takast på alvor	Oppland Senterungdom	Innstilt behandlet
4	4. Senterpartiet må lyfte eigen klimapolitikk	Resolusjonskomiteen	Innstilt behandlet
5	5. Alternative opplæringsmodeller	Resolusjonskomiteen	Innstilt behandlet
6	6. Sjå heile mennesket – delvis arbeidsevne er òg arbeidsevne	Resolusjonskomiteen	Innstilt behandlet
7	7. Ny giv for sirkulær bioøkonomi sett i lys av norsk sikkerhetspolitikk	Resolusjonskomiteen	Innstilt behandlet
<-	8. Stølsdrift må bli ein prioritert del av jordbruksoppgjøret	Oppland Senterungdom	Oversendes fylkesstyret
<-	9. Endring av nasjonalt bestandsmål for jerv og gaupe	Dovre Senterparti	Oversendes fylkesstyret
<-	10. Etablering av Nasjonalt senter for husmannsvesenet ved Lands Museum	Nordre Land, Søndre Land og Gran Sp	Oversendes fylkesstyret
<-	11. Fastlegeordninga – kommunen sitt ansvar for eigne innbyggjarar	Lom og Skjåk Sp	Oversendes fylkesstyret
<-	12. Jernbaneutbygging til Lillehammer og Gudbrandsdalen	Lillehammer Sp	Oversendes fylkesstyret
-	13. By- og tettsteds politikk (original)	Lillehammer Sp	Avvises til fordel for ny resolusjon nr. 1
-	14. Senterpartiet må ta klimapolitikken på alvor	Frode Rolandsgard	Avvises til fordel for ny resolusjon nr. 4
-	15. Videregående skole – Demografi – «Landmodellen»	Nordre Land og Søndre Land Sp	Avvises til fordel for ny resolusjon nr. 5
-	16. Eit NAV for heile landet – sosialfagleg styrke, rettferdige ordningar og fleire i arbeid	Lom og Skjåk Sp	Avvises til fordel for ny resolusjon nr. 6
-	17. Ny giv for sirkulær bioøkonomi sett i lys av norsk sikkerhetspolitikk (original)	Fylkestingsgruppa	Avvises til fordel for ny resolusjon nr. 7

Endringsforslag

Frist for innsending: **Lørdag 7. mars, klokken 16.00**

Alle endringsforslag skal sendes inn via dette skjemaet:

<https://forms.office.com/e/8MVswf4B2E>

1. By- og tettstedspolitik

Norge er et mangfoldig land med bygder, tettsteder og byer i ulike størrelser. Det er ikke slik at byer er i konkurranse med de omkringliggende bygdene. Byer og tettsteder er viktige for å sikre spredt bosetting i omlandet, og by og land er avhengige av hverandre.

Senterpartiet har en god politikk for både bygder, tettsteder og byer og må synliggjøre politikken for å være relevant for innbyggere i hele landet. Det er en stadig økende andel av befolkningen som bor i byer og tettsteder. Økningen er størst i de aller største byene. Senterpartiet ønsker ikke svekking av trygge oppvekstmiljø og bokvalitet i byer og pressområde som følge av folkevekst. Folkevekst i byer og pressområde må ivareta trygge lokalsamfunn og stedets historie og kultur, og viktige naturverdier som dyrka mark og produktiv skog. Senterpartiet ønsker bærekraftig vekst.

Senterpartiet sin politikk og ideologi bygger på å være nær folk: at beslutninger skal tas nær de det gjelder og at offentlige tjenester skal være i nærheten av innbyggerne. Dette mener vi bygger trygge lokalsamfunn med korte veier og tillit mellom innbyggere og det offentlige. Dette er verdier som er relevante for folk – uansett hvor de bor. Senterpartiet ser også nærhet og tilgjengelighet som viktig for å unngå utenforskap. Sentralisering fører til det motsatte – uansett om det er prat om sammenslåing av bydeler i Oslo eller nedlegging av videregående skoler.

Senterpartiet vil styrke politikken for de mindre byene - det er i disse at det er lettest å få bedrifter til å satse på etablering utenom de største byene. Det er hit en må vurdere utflytting av offentlige arbeidsplasser fra de største byene. Det er her begge voksne i en tilflyttende familie kan finne arbeid som passer og det er muligheten til å bytte arbeid om det er ønskelig. Det er her det finnes utvalg av tjenester som kultur, handel og uteliv som mange tidvis ønsker å bruke.

Senterpartiet vil arbeide for endringer som gjør det mer attraktivt å drifte arbeidsplasser i de mindre byene. Differensiering av arbeidsgiveravgifter og inntektsmodellen til kommunene kan bidra til dette.

Oppland senterparti mener det haster med å gjennomføre følgende punkt i stortingsprogrammet 2025-2029:

- Differensiere flere skatter og avgifter i tråd med sentralitetsklassene.
- Holde oppe differensiert arbeidsgiveravgift. Virkeområdet må utvides slik at alle næringer og offentlige virksomheter igjen blir omfatta av den differensierte arbeidsgiveravgifta
- Fjerne sone 4a i den differensierte arbeidsgiveravgifta slik at Bodø og Tromsø igjen får lik arbeidsgiveravgift som resten av Nord-Norge med unntak av tiltakssona.
- At statlege verksemdar skal legge til rette for at tilsette kan jobbe desentralisert.
- Etablere fleire desentraliserte kontorfellesskap for statlege tilsette.
- Flytte fleire statlege arbeidsplassar frå Oslo til andre delar av landet.

Innsendt av Resolusjonskomiteen

2. Senterpartiet vil endre skattepolitikken i heile Norge – for folk og næring

Det norske skattesystemet skal vere rettferdig og lettfatteleg og det skal bygge opp under arbeid, ansvar og sparing.

I dag opplever mange at dei ikkje blir skattlagt for kva dei tener. For folk som har arbeidd eit heilt liv, har nedbetalt gjeld og bygd opp ein heim, eit bruk eller ei familiebedrift, kan formuesskatten vera ein skatt som kan vera med på å gi økonomisk utryggheit. Det kan ikkje vera slik at du må risikere å selja bustad, småbruk eller familieeigedom fordi likningsverdien har auka, medan inntekta står stille.

Hovudregelen må i hovudsak vera at skatt skal betalast ut frå faktisk inntekt, og ikkje ut frå verdier som ikkje gir kontantstrøm. Dette gjeld også for næringslivet.

Senterpartiet er eit næringsparti. For Senterpartiet er det viktig at staten skal vera ein tilretteleggar for næringsutvikling og verdiskaping. Eit stadig meir omfattande byråkrati, høgare skattar og rammevilkår som har vore skiftande, har gjort det krevjande for næringslivet. For å stimulere bedriftseigarar, arbeidstakarar og grundere, er det behov for ein næringsreform. Dette vil kunne sørge for verdiskaping og nye arbeidsplassar over heile landet.

Dagens anretning av formuesskatten er problematisk fordi den reduserer investeringsviljen i bedrifter som har norsk eigarskap. Dette er særleg utfordrande for bedrifter som er kapitalintensive og som har låg likviditet. Senterpartiet ønskjer reduksjon og ein innretning på formuesskatten som legg til rette for investeringsvilje og norsk eigarskap. Utanlandske eigarar slepp formuesskatten og det blir ei uheldig konkurransevriding. Dette gjeld alt frå store nasjonale selskap til mindre lokale handverkbedrifter. I staden for nasjonalt eigarskap og desentralisering av makt og kapital får vi det motsette.

Aukande byråkrati og krevjande reguleringar har gjort at det offentlege ikkje lenger spelar på lag med næringslivet. Staten må redusere kostnadsdriverane, og byråkratiet må slankast. Næringslivet, landbruket inkludert, skal ha fokus på å produsere og ikkje rapportere.

Oppland Senterpartiet meiner det hastar med å gjennomføre følgande punkt i stortingsvalprogrammet 2025-2029:

- Redusere formuesskatten for eigarar av små og mellomstore bedrifter, mellom anna gjennom auka botnfrådrag og verdisetjingsrabattar
- Halde bedriftsskattlegginga på eit nivå som bidreg til at bedrifter held oppe verksemda si i Noreg, og at overskotet blir reinvestert i bedriftene.
- Skjerme primærbustader med vanleg standard i skattesystemet og gå imot innføring av statleg eigedomsskatt.
- Redusere offentlige rapporteringskrav ved å benytte de mulighetene som ligg i digitalisering og forenkling.
- At staten skal vera ein tilretteleggar og ein lagspelar for sørge for etablering og styrking av lokalt næringsliv over heile landet.
- Gjennomføre endringar som gir kommunane større kontroll over egne inntekter og ha ein friare kommunal skatteprosent innanfor nasjonale rammer
- Gjere det mogleg for kommunar å setje eigedomsskatt på berre fritidsbustader og differensiere på eigedomsskatt for bustad og fritid.

Innsendt av Resolusjonskomiteen

3. Ungdom skal ikkje berre høyrast, dei skal takast på alvor

I Noreg er vi så heldige at vi har demokrati, men likevel ser vi at demokratiet sviktar dei unge. I fleire tilfelle har unge prøvd å nå fram med stemma si, men politikarane går i motsett retning. Det endar fort med at unge ikkje tør å ytre meiningane sine, eller at dei kjenner at dei må endre meiningane sine for å i det heile tatt bli høyrte.

Etter fylkessamanslåinga har det skjedd mykje i Innlandet fylkeskommune. Det største er at to vidaregåande skular og fire utdanningsstader har blitt lagt ned. Dette førte til stor misnøye, særleg blant ungdom, men også generelt blant folk i distriktet.

I 2023 gjennomførte fylkeskommunen fire medverknadskonferansar der den nye Innlandsstrategien vart diskutert. Hovudspørsmålet var korleis det nye fylket skulle sjå ut. Ungdomsråd i heile fylket var invitert til å delta for å vise sine interesser for det nye fylket. Bodskapen frå ungdommen var tydeleg. I punkt 2.2.1. i oppsummeringsrapporten til medverknadskonferansane kom det fram at sentralisering vart peika på som den største utfordringa for framtida. Ei anna utfordring var skulereduksjon.

Proessen for Innlandsstrategien verka demokratisk, men realiteten var at den viktigaste saka for unge ikkje var ivaretekt. Det blir feil å invitere til ein medverknadsprosess for å høyre på kva folk seier, og så gjere det motsette berre året etter. Dette svekkjer tilliten til folkevalde.

Unge meiningar skal og kome fram og bli tekne på alvor, og folkevalde bør spegle dette i politikken sin. Det er dei unge som er framtida, så la oss lytte til kva slags framtid dei ønskjer. La oss gje dei eit tryggare samfunn å ytre meiningar i. Unge skal ikkje kjenne seg pressa til å meine det same som vaksne i maktposisjonar.

Senterpartiet har alltid vore for levande lokalsamfunn og desentralisering. Me må stå opp for ungdommen og sikre ei framtid der dei bur.

Senterpartiet vil:

- At folkevalde fører ein politikk i tråd med det dei gjekk til val på
- At det blir gjennomført faste samlingar for alle folkevalde med vekt på demokratisk forplikting i sitt lokalsamfunn
- At medverknad frå ungdom skal vera reell og få konkrete konsekvensar i politiske vedtak
- At ungdom skal ha reell påverknad i saker som gjeld framtida deira; som skule, samferdsel og tenestetilbod, og ikkje bli pressa til å tilpasse meiningane sine til vaksne i maktposisjonar
- At ungdom skal kjenne at engasjement faktisk nyttar

Innsendt av Oppland Senterungdom

4. Senterpartiet må lyfte eigen klimapolitikk

Senterpartiet må skjerpe innsatsen for miljø og klima, ved å lyfte vår eigen vedtekne klimapolitikk.

Grunngjevinga for å stemme imot ulike klimatiltak er ofte god; ein vil mellom anna skjerme

lågtlønte eller næringsliv frå auka kostnader – men konsekvensane kan vere auka utslepp.

Senterpartiet må som eit truverdig grønt parti gå i bresjen for effektive klimatiltak. Klimaendringar,

tørke og flaum rammer også våre kjernevevlarar i landbruket.

Senterpartiet må lyfte fram og fremje våre eigne, programfesta klimaløysingar, som til dømes

omstilling, grønt næringsliv og effektive støtteordningar for næringsliv som vil omstille seg. Vi må

gjø norsk næringsliv auka konkurransekraft gjennom å stø dei som vil satse på ny teknologi. Andre

tiltak kan vere kraftig auka tilskot til ENØK som bergvarme og sol, det kan vera auka omstilling til

ny fossilfri teknologi i landbruket og til sjøs, det kan vera auka stønad til eigenproduksjon og

desentralisert lagring av straum i hushaldningar, landbruk og næringsliv. Statsstøtta omstilling

resulterer ofte i auka konkurransekraft.

Senterpartiet vil:

- Gjø meir støtte til grøn omstilling og dermed auka konkurransekraft for norsk næringsliv
- Styrke utprøving og etablering av nye ENØK-tiltak
- Gjø landbruket friske midlar for utprøving av nye, fossilfrie teknologiar
- Opne for avgiftsfritak for bruk av biodiesel
- Arbeide for auka CO₂-avgift på fossil flybensin for utanlandstrafikk
- Stø utprøving av elektriske fly på kortbanenettet
- Bruke noko av oljeinntektene for å finansiere naudsynt omstilling – feilling og utprøving av ny teknologi for næringslivet – slik at det ikkje blir landbruket eller anna næringsliv som må bera kostnaden ved omstilling

Innsendt av Resolusjonskomiteen

5. Alternative opplæringsmodeller

Den demografiske utviklingen med reduserte ungdomskull skaper behov for nye løsninger innen videregående opplæring for å sikre den arbeidskraften som lokalsamfunnet og næringslivet trenger. Alternativet blir ofte sentralisering som medfører lang reisevei for mange, eller at de må bo borte. Det påvirker også bedrifter som ligger langt unna skolene ved at disse kan ha vanskeligheter med å få tak i lærlinger. Det gjør det vanskelig å rekruttere fagarbeidere og slik beholde arbeidsplasser i distriktene. Reduserte ungdomskull påvirker også enkelte studietilbud sentralt ved at det er færre elever som søker seg til enkelte tilbud som næringslivet har bruk for. Dette skaper utfordringer i hele fylket.

Senterpartiet ønsker å styrke det norske utdanningssystemet ved å bruke alternative opplæringsmodeller som kan tilpasses ulike behov i samfunnet. Vi mener at utdanningstilbudene må være fleksible for å sikre at elever over hele landet får den kompetansen de trenger for fremtidens arbeidsliv.

Vi vil også styrke samarbeidet mellom skole og næringsliv for å sikre at opplæringen er relevant og gir elever de ferdighetene som kreves i arbeidslivet. Dette kan inkludere flere alternative opplæringsforløp i samarbeid med bedrifter, samt økt bruk av praksis i utdanningene.

Senterpartiet mener at slike tiltak vil bidra til å redusere frafallet i videregående skole og sikre at flere elever fullfører utdanningen sin og at næringslivet får tilgang til nødvendig arbeidskraft.

Ulike modeller kan legge opp til ulikt antall år i skole og i bedrift, eller en veksling gjennom årene. Det har vært prøvd ut og utlyst flere typer modeller i Innlandet fylkeskommune med både 0+4, 1+3 og 2+2* der det varierer hvor mye av undervisningen som gis fysisk ved skolen og/eller digitalt. Felles er at modellene gjelder for yrkesfag og at undervisningen holdes separat for hvert yrkesfag.

En ny modell kan være Landmodellen, som er en fleksibel opplæringsmodell der elever på ulike yrkesfagretninger får mye undervisning felles gjennom prosjektbaserte opplegg. Modellen er en 2+2 modell for yrkesfag, der skolen har ansvaret for elevene de 2 første årene, men lokale bedrifter inngår forpliktende avtaler hvor de bidrar med fagkompetanse i undervisning og veiledning. Modellen skal bidra til å rekruttere og beholde kompetanse lokalt samt ivareta et levende lokalsamfunn med lokale bedrifter.

Oppland Senterparti vil at fylkeskommunen skal:

- være offensive i bruken av alternative opplæringsmodeller
- jobbe for å forenkle prosessen med godkjenning av alternative opplæringsmodeller
- jobbe sammen med næringslivet for å utvikle modeller som favner elever og lokalt næringsliv best mulig
- jobbe for oppstart av Landmodellen med minst to yrkesfag

Innsendt av Resolusjonskomiteen

* For mer informasjon om de ulike opplæringsmodellene: [notat frå IFK](#)

6. Sjå heile mennesket – delvis arbeidsevne er òg arbeidsevne

Altfor mange menneske i Noreg blir vurderte som «for sjuke» til å arbeide, sjølv om dei med rett tilrettelegging kunne ha bidrege i arbeidslivet. Dette er eit tap både for den enkelte og for samfunnet. Arbeid gir meistring, fellesskap og verdigheit – og for fellesskapet er arbeid grunnlaget for velferd og berekraft.

Med ei aldrande befolkning og aukande behov for arbeidskraft må vi ta i bruk heile arbeidsevna i samfunnet – også den delvise. Senterpartiet vil ha eit arbeidsliv som ser heile mennesket, ikkje berre diagnosen.

Delvis arbeidsevne er ikkje eit problem – det er ein ressurs. Senterpartiet vil arbeide for eit samfunn der alle som kan og vil bidra, får sjansen. Vi treng eit arbeidsliv som ser mennesket bak diagnosen, og som gjer det mogleg for fleire å vere ein del av fellesskapet.

Senterpartiet ynskjer å:

- Sjå heile menneske. Arbeidsevne skal vurderast breitt, og systemet må byggje på tillit, individuell oppfølging og tett samarbeid mellom arbeidsgjevar, Nav og helsevesen.
- Styrke tilrettelegginga i arbeidslivet. Offentleg sektor skal gå føre som døme og vise at det er mogleg å inkludere fleire med helseutfordringar.
- Utvikle fleire varig tilrettelagde arbeidsplassar (VTA) og sikre sømlause overgangar frå skule til arbeid for dei som treng det.
- Auke grensa for arbeidsinntekt for uføre slik at fleire kan prøve seg i arbeid utan å risikere økonomisk tap.
- Styrke Nav si rolle som arbeidsformidlar og gje lokale Nav-kontor større handlingsrom til å finne løysingar saman med arbeidsgjevarar og tiltaksarrangørar.
- Fremje fleksible ordningar for gradert arbeid og bruk av lønnstilskot framfor passiv trygd.
- Byggje vidare på IA-avtalen (Inkluderande arbeidsliv) og gjere den meir forpliktande for både offentlege og private aktørar.

Innsendt av Resolusjonskomiteen

7. Ny giv for sirkulær bioøkonomi sett i lys av norsk sikkerhetspolitikk

Forvaltertankegangen står sterkt i Senterpartiet. Vi skal overlate sjø, jord, luft og land til neste generasjon i en bedre tilstand. I dagens samfunn er fokuset ofte rettet mot vekst fremfor balanse, selv om bærekraft er et av vår tids mest brukte begreper. For oss handler vekst ikke om økt forbruk, men om bedre forvaltning. Det er bærekraft i praksis.

De siste årene har vært preget av klimautfordringer, pandemi, energikrise, sårbarhet i en globalisert og markedsstyrt økonomi, geopolitisk uro og økt usikkerhet om hvilke nasjoner vi kan støtte oss på – både når det gjelder ressurstilgang og forsvarsallianser. Norge må derfor bli mer selvforsynt og samtidig fortsette arbeidet med å erstatte fossilt karbon med fornybare og biobaserte ressurser.

Den nasjonale bioøkonomistrategien fra 2016 er i liten grad fulgt opp med konkrete tiltak. Samtidig er verdikjedene i jord- og skogbruk under press. Dette understreker behovet for en ny og mer forpliktende satsing på sirkulær bioøkonomi, som i større grad utnytter fastlandsøkonomiens potensial for verdiskaping og sysselsetting.

Vi trenger en bioøkonomi med høy verdiskaping gjennom mange og varierte produksjonslinjer, utviklet i sirkulære systemer og i tett samarbeid mellom aktørene. Dette vil gi Norge flere ben å stå på og gjøre oss mindre avhengige av globale økonomiske svingninger. Det vil også styrke bærekraftige verdikjeder innen landbruk og foredlingsindustri – fra øverst i dalførene til Glommas utløp. Skal vi lykkes med å få det grønne gullet i omløp, må samhandling og samarbeid styrkes ytterligere.

Norge er bygd på klok forvaltning av naturressurser som jord, skog, fisk, vannkraft, mineraler, olje og gass. Skal vi lykkes med å gjøre norsk økonomi mer sirkulær, må alle ledd i verdikjedene koordineres bedre – fra produksjon til forbruk og gjenvinning.

Verdens befolkning passerte 8 milliarder mennesker i 2022, og FN anslår en vekst til rundt 10,3 milliarder innen 2080 før befolkningstallet stabiliseres. Alle disse menneskene vil ha behov for trygg mat, rent vann, energi, boliger og klær. Dette gir oss et felles ansvar for å produsere og forbruke mest mulig bærekraftig, basert på våre ressurser og naturgitte forutsetninger. Samtidig tilsier den geopolitiske situasjonen at vi kan møte et mindre forutsigbart verdensmarked i årene som kommer, noe som vil utfordre vår evne til å sikre egne innbyggere.

Senterpartiet mener derfor at vi må arbeide kontinuerlig med gode planer og strategier, utvikle et målrettet skatte- og avgiftssystem og et lovverk som forsterker – ikke hemmer – utviklingen av sirkulære verdikjeder. Samtidig må tilgangen på risikokapital økes for å støtte en grønn, sirkulær bioøkonomisk utvikling som kan sikre norsk selvforsyning på en bærekraftig måte. Arbeidet må skje i tett samarbeid med kommuner og organisasjoner i hele verdikjeden, og bidra til geografisk, sosial og økonomisk balanse.

Vi trenger en ny giv for sirkulær bioøkonomi som en integrert del av nasjonal beredskap og totalforsvar.

Senterpartiet vil derfor:

- At det utarbeides en ny nasjonal handlingsplan for sirkulær bioøkonomi, med tydelige mål, tidsfrister og finansiering, der bioøkonomi ses i sammenheng med beredskap, selvforsyning og nasjonal sikkerhet.
- At offentlige innkjøp innen transport, bygg og anlegg i større grad brukes aktivt til å fremme bruk av bærekraftige, biobaserte materialer og drivstoff.
- Arbeide for et lovverk som gir økt energifleksibilitet og stimulerer til mer bruk av bioenergi til nær- og fjernvarme, samt biomasse og biodiesel som energibærere for større maskiner.

242 • At sirkulær bioøkonomi inngår som en tydelig del av norsk beredskaps- og
243 sikkerhetspolitikk, gjennom økt selvforsyning av mat, energi, innsatsfaktorer og industrielle
244 råvarer.

245 **Innsendt av Resolusjonskomiteen**

8. Stølsdrift må bli ein prioritert del av jordbruksoppgjeret

Noreg er eit langstrakt land med ein rik landbrukskultur. I fleire hundre år har bønder nytta utmarksbeite og drive stølsdrift i fjellet. Stølane var avgjerande for å sikre nok fôr gjennom året og utgjorde ein sentral del av norsk landbruk. Rundt 1840 var det om lag 52 000 stølar i drift. I 2020 var talet redusert til mellom 750 og 800. Innlandet fylke har over halvparten av desse, og Valdres er eitt av dei største stølsområda i landet. Denne utviklinga viser kor raskt ein tradisjon og ein ressurs kan forsvinne dersom han ikkje blir prioritert politisk.

Stølsdrifta har òg vore ein berebjelke i lokalsamfunna våre. Sterke kvinner deltok aktivt som budeier og bar ansvaret for både dyr og menneske på stølen. Dei mjølka, ysta og kinna smør, bar vatn og tok vare på dyra, ofte under krevjande kår. Denne arbeidsinnsatsen la grunnlaget for lokal matproduksjon og sterke bygdesamfunn. Samstundes vart det utvikla ein rik kunnskapsarv om dyrehald, foredling, naturforvaltning og bruk av lokale ressursar. Denne kompetansen er framleis relevant i ei tid der berekraft, ressursutnytting og lokal matproduksjon står høgt på dagsorden.

Stølane er ein viktig del av sjølvforsyninga og beredskapen i Noreg. Ved å nytte utmarksressursane til beite produserer vi mat på areal som elles ikkje kan nyttast til jordbruk. Det reduserer behovet for importert kraftfôr og styrkjer den nasjonale matproduksjonen. Aktiv beiting hindrar attgroing, tek vare på kulturlandskapet og er avgjerande for artar som er avhengige av opne og halvopne landskap. Slik bidreg stølsdrifta både til biologisk mangfald og til berekraftig ressursforvaltning.

Skal stølsdrifta ha ei framtid, må vi sikre rekruttering og overføring av kunnskap til nye generasjonar. Praktisk erfaring frå stølen kan ikkje berre lesast om, ho må lærast gjennom arbeid og deltaking. Når færre stølar er i drift, risikerer vi ikkje berre å miste matproduksjon, men òg verdifull kompetanse og kulturarv. Difor må det vere mogleg for unge bønder å satse på stølsdrift som ein reell og lønnsam del av drifta si.

Døme frå Valdres viser at aktiv stølsdrift kan skape både lokal verdiskaping og produkt i verdsklasse. Valdresmeieriet AS produserer osten Bufar, ysta for hand på stølsmjolk. Bufar har fleire gonger vorte kåra til ost i verdsklasse. Dette viser kva verdiar som ligg i aktiv stølsdrift, både kulturelt og økonomisk. Slik verdiskaping føreset aktive stølar og bønder som ser ei framtid i drifta.

I desember 2024 vart norsk og svensk stølskultur skriven inn på UNESCO si representative liste for immateriell kulturarv. Det er ei internasjonal anerkjenning av den historiske og kulturelle verdien stølsdrifta har hatt, og framleis har i lokalsamfunna våre i dag. Med ei slik anerkjenning følgjer òg eit ansvar. Ein plass på UNESCO-lista må ikkje bli eit minnesmerke over noko som forsvann, men ei forplikting til aktiv vidareutvikling. Vi må ta vare på dei stølane som framleis er i drift og leggje til rette for at fleire kan bli tekne i bruk att.

Oppland Senterparti vil:

- At det blir sett mål om å auke talet på aktive stølar nasjonalt
- At styrkinga av tilskota til stølsdrift blir vidareført og prioritert i komande jordbruksoppgjer
- At investeringsordninga for stølar blir styrkt, slik at nødvendige oppgraderingar blir økonomisk gjennomførbare
- At beite- og utmarkstilskot stimulerer til meir aktiv bruk av utmarksressursane
- At ammeku blir inkludert i ordningane for stølstilskot
- At det blir lagt til rette for rekruttering gjennom målretta ordningar som gjer det mogleg for unge bønder å satse på stølsdrift
- At stølsprodukt får betre marknads- og omsetningsordningar
- At stølsdrifta blir løfta som ein del av den nasjonale beredskaps- og sjølvforsyningsstrategien

Innsendt av Oppland Senterungdom

9. Endring av nasjonalt bestandsmål for jerv og gaupe

For å redusere belastningen på reindriften i Nord-Norge foreslår forskere i NINA på oppdrag fra Klima- og Miljødepartementet i et faggrunnlag å redusere bestandsmålene for gaupe og jerv i nord og øke den tilsvarende sør i landet. Nasjonalt bestandsmål fastsatt i 2004 er 39 årlige ynglinger for jerv og 65 årlige familiegrupper av gaupe. Dokumenterte årlige jerve ynglinger de siste 5 år er totalt 345, 55 over bestandsmål. Forskerne påpeker at selv om bestanden av jerv og gaupe reduseres er effekten for reindriftsnæringen usikker.

I Oppland er det grunnet rovvilt store utfordringer med tap og skader på beitedyr, innen tamreinnæringen og trolig for villrein. Utfordringene har tiltatt og særlig gjelder dette grunnet jerv. Gaupe er etter jerven den som påfører størst tap på sau, men både streif ulv og bjørn har forvoldt store skader på beitedyr de senere år. Bestanden av ørn er økende og en spesielt stor predator i kalvingsperioden for rein.

Beitenæringen er under press grunnet rovvilt med store tap av og skader på sau på utmarksbeite. Flere innenfor sauenæringen har avviklet driften og flere føler seg tvunget til å legge ned hvis rovviltutfordringene fortsetter som nå. Det igjen svekker egen selvforsyningsgrad av mat, økt tilgroing og svekket næringsgrunnlag ved at arbeidsplasser forsvinner. I tillegg vil økt antall rovdyr gå utover villreinen som innen Oppland utgjør flere tusen dyr og som vi har et spesielt ansvar for å ivareta gjennom kvalitetsnormen.

Oppland Senterparti ser med stor bekymring på at forslaget fra NINA skulle bli gjennomført. Å øke antall jerv og gaupe i Sør-Norge er å forflytte problemene.

